

# Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø



KARDEMOMME-  
LOVEN:

**M**an skal ikke  
plage andre,  
man skal være  
grei og snill,  
og for øvrig  
kan man gjøre  
hva man vil.

*Bastian*  
POLITIMESTER

## Innholdsfortegnelse

Innleiing.....	3
1. Lovpålagte føringar i barnehagelova .....	4
2. Omgrep .....	5
Kva er krenking og mobbing .....	5
4. Førebyggjande arbeid .....	5
Språkleg kompetanse.....	5
Sosial kompetanse.....	5
Eit godt psykososialt barnehagemiljø .....	7
5. Korleis avdekka mobbeåtferd og gjentakande krenkingar .....	8
6. Prosedyrar når barn ikkje har eit godt psykososialt barnehagemiljø .....	8
Barnesamtalar (vedlegg2) .....	8
Sjekkliste – barnehagen sitt miljø (vedlegg3).....	8
Tiltaksplan på gruppe/avdelingsnivå (vedlegg4) når eit barn opplever å ikkje ha eit godt psykososialt barnehagemiljø .....	8
Melding om tilsett som krenker eit barn (vedlegg5) .....	8
Refereranseliste .....	9
Vedlegg 1 .....	10
Vedlegg 2.....	11
Vedlegg 3.....	12
Vedlegg 4.....	13
Vedlegg 5.....	14

## Innleiing

Målet med denne planen er at dei kommunale barnehagane i Stord kommune arbeidar systematisk med å fremja eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø i tråd med krav i barnehagelova. Planen er slik del av barnehagane sitt internkontrollsystem for å sikra ivaretaking av krav i §§ 41, 42 og 43.

Barnehagane i Stord kommune har ifleire år hatt fokus på arbeidet med utvikling av eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø. Dette ved deltaking i barnehagebasert utviklingsarbeid som «**Være sammen**», og i den nasjonale satsing «Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø». Dei kommunale barnehagane har også ein plan for arbeidet med barna si språkutvikling, som også skal vera med å bidra til betre trivsel for barna.

Kommunen utarbeidde «Strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO i Stord», som ein del av det arbeidet med eit inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Stord kommune nyttar verktøyet **Betre tverrfagleg innsats (BTI)** ved uro for barn si utvikling og trivsel. Dette verktøyet skal vera med å bidra til at barna får den hjelpa dei har rett på.

## 1. Lovpålagte føringar i barnehagelova

*§1 Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering*

§41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid:

*Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering.*

Videre står det i § 41, andre ledd at *barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.*

Verdigrunnlaget til barnehagen skal gjennomsyra barnehagens innhald, der alle barn skal oppleve eit trygt og godt barnehagemiljø.

Alle som arbeider i barnehagen har ifølge barnehagelov §42 aktivitetsplikt, ei plikt i å sikra at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø og ei skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn.



Foto: Sagvåg barnehage avdeling Nysæter

## 2. Omgrep

### Kva er krenking og mobbing

Lov om barnehagar § 41 seier at krenking til dømes er utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Dei vaksne i barnehagen skal ha kunnskap om kva dei har ansvar for i høve arbeidet med utvikla eit godt psykososialt miljø, og kva aktivitetsplikta inneber. Dei kommunale barnehagane i Stord kommune arbeider med å styrkja barna i sine prososiale handlingar, som har som mål å vera til støtte, hjelp og nytte for andre (Pape 2011).

### Psykososialt barnehagemiljø

Alle som arbeider i barnehage har plikt til å sikra at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dei kommunale barnehagane Sikrar dette mellom anna ved at dei har system for at dei tilsette fylgjer med/observerer korleis barna har det, og undersøker dersom ein får kjennskap til, eller mistanke om at eit barn opplever å ikkje ha det trygt og godt.



Bilete: Sagvåg barnehage avd. Nysæter

## 4. Førebyggjande arbeid

Barnehagane er pålagt å arbeida førebyggjande med haldningar i høve krenking og mobbing både hjå dei tilsette og hjå barna. FN sin barnekonvensjon seier at barn skal «beskyttes mot enhver form for diskriminering». For å nå dette målet må dei vaksne vera aktivt til stade der barna er gjennom heile dagen; Under måltida, i leiken ute og inn, i garderobesituasjon og alle overgangar. Udir sine digitale kompetansepakkar om inkluderande barnehagemiljø skal mellom anna brukast i arbeidet med dei tilsette sin kompetanse innanfor dette området.

### Språkleg kompetanse

Å setja ord på eigne tankar, opplevingar og kjensler er ein viktig språkleg kompetanse. . «Det er alltid den vaksne som har ansvar for relasjonane i barnehagen – alltid, utan unntak» (Lund & Helgeland 2016). Barnehagane i Stord kommune arbeidar aktivt med Språkplan, som er utarbeida ifrå Språkløyper.

### Sosial kompetanse

Barn treng sosial kompetanse for å leika og vera saman. Trygge barn kan fortelja kva dei meiner og vil, samtidig som dei kan setja seg inn i andre sine behov og kjensler.

Ein seier at dei fem viktigaste dugleikane barn må meistra for å visa sosial kompetanse er: Samarbeid, sjølvkontroll, sjølvhevdning, ta ansvar og empati.

Stimulering av sosial dugleik er viktig gjennom heile barnehagetida, men dei siste åra i barnehagen skil seg ut sidan barna då har større moglegheit til å setja ord på og reflektera over sosiale situasjonar. Barnegrupper med høg sosial kompetanse vil kunna bidra til trivsel for alle, og vera med å førebyggja mobbing og utestenging i barnehage og skule. Sjølv om det alltid er dei vaksne som har det overordna ansvaret for barna sin tryggleik og trivsel, så er sosial kompetanse hjå det enkelte barnet også eit viktig utgangspunkt for å skapa gode læringsmiljø både i barnehage og skule.



Sosial kompetanse handlar om å lukkast i å omgå andre, turtaking, kompromisse, løysa konfliktar og bli einig. Det handlar om å vera del av eit fellesskap, samarbeid, og læra å ta omsyn til andre sine meiningar. Sosial kompetanse gjer at ein lettare meistrar stress og motgang. Empati, sjølvsikkerheit og problemløysing er nokre av dei viktigaste elementa i førebygging av mobbeåtferd (Idsøe & Roland).

I det daglege samspelet med andre lærer barn korleis dei skal vera med kvarandre. Det er difor viktig å vurdera kvaliteten på ulike former for leik, samspel og aktivitetar. Når barn strevar i det sosiale samspelet, treng dei hjelp og støtte frå dei vaksne. Barnehagane arbeidar for at barn skal utvikle prososial åtferd, å hjelpa andre barn, hjelpe vaksne, dele med andre barn, oppmuntrar andre, har eit positivt kroppsspråk i samspel med andre.

Eit barn som strevar treng handlingsalternativ så det kan utvikla nye strategiar som er meir hensiktsmessige. Dei vaksne må skildra ønska åtferd. Barn som strevar med å tolka og forstå det sosiale samspelet, treng vaksne som kan omsetja det til dei. Slik kan dei forstå andre – og læra å setja ord på eigne tankar og opplevingar.

**Dei vaksne er både tilsette i barnehagen og føresette.** I Rammeplan for barnehagen, kap. 5, står det fylgjande om samarbeid mellom heimen og barnehagen: «Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg».

### **Organisering**

Ved å organisera barna i små grupper deler av dagen, får personalet ein tettare relasjon til barna. Barna får også eit meir tilpassa tilbod med utgangspunkt i egne behov. Arbeid med barn i små grupper gjer at personalet lettare fangar opp signal frå barna, og slik kan støtta og arbeida med den språklege og sosiale utviklinga deira. I tråd med krav i Rammeplanen utarbeidar barnehagane egne planar som konkretiserer det førebyggjande arbeidet.

#### **Dei vaksne i barnehagen skal:**

- Vera aktive og tydelege
- Vera anerkjennande og omsorgsfulle
- Sjå, lytta og verdsetta barna
- Rettleia og støtta
- Ha medvit om at dei har ansvar for kvaliteten i relasjonane
- Leika og vera aktivt deltakande
- Vite korleis vanskelege situasjonar skal handterast på ein positiv måte
- Ta ansvar for å skapa eit godt miljø som er prega av vennskap og sosial tryggleik for alle barn
- Vera profesjonelle i møte med føresette

### **Eit godt**

#### **psykososialt barnehagemiljø**

Barnehagane skal arbeida systematisk med språk, sosial kompetanse og organisering, disse komponentar er bidragande faktorar til at barnehagane lagar eit godt psykososialt barnehagemiljø. Å systematisk arbeida med og observera barns humør, bevisstheit rundt følelsar, sjølvregulering, dominans, kommunikasjonsstil, leikeferdigheiter og reaksjonar ved motstand bidreg til kontinuerleg utvikling av, og bevisstgjerjing av barnehagens psykososiale miljø og arbeid.



## 5. Korleis avdekka mobbeåtferd og gjentakande krenkingar

- Barnesamtalar – ein til ein eller i gruppe
- Foreldresamtalar
- Personale som er til stade, som leikar og som samtalar med barna om korleis dei har det
- Observasjon og kartlegging av barn/barnegruppa og miljøet i barnehagen

## 6. Prosedyrar når barn ikkje har eit godt psykososialt barnehagemiljø

Dersom det vert avdekka at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, og eit barn opplever gjentakande krenkingar eller mobbeåtferd, har barnehagen plikt til å undersøkje og setja inn tiltak. Oppfølging skal dokumenterast i stafettloggen i BTI-rettleiaren i samarbeid med og med samtykke av føresette. Oppfølginga skal resultera i **tiltaksplanar (vedlegg1)** på individ- og gruppenivå, prøvast ut og evaluerast/justerast. Det er både barn som mobbar og barn som blir mobba som skal følgjast opp.

Krenkingar skal handterast med klokskap. Dei vaksne må ha kunnskap om at barn som vert krenka ikkje skal ha ansvar for det. Personalet må også skilja mellom person og handling. Det er handlinga som er uakseptabel, ikkje personen. For å kunna arbeida førebyggjande, må dei vaksne kjenna barna, og vita kven av dei som kan vera ekstra sårbare og lettare utsett for krenkingar og mobbing eller utøva mobbing.

### **Barnesamtalar** (vedlegg2)

I BTI verktøyet finn ein Tips til samtale med barn når ein har uro/bekymring knytt til enkeltbarn. Det er i tillegg utarbeida ein prosedyre for gjennomføring av barnesamtalar (vedlegg4). Den vert brukt individuelt eller i gruppe. Den som gjennomfører ein slik samtale, bør vera ein person barnet er trygg på, og samtalen gjennomførast ein stad barnet kjenner seg vel. Notat kan fyllast ut i etterkant av samtalen.

### **Sjekkliste – barnehagen sitt miljø** (vedlegg3)

Observasjon og refleksjon av barnehagemiljøet (både det fysiske og psykiske). Spørsmåla kan nyttast til refleksjon over eigen praksis på t.d. avdelingsmøte. Når miljøet vert kartlagt jamleg, kan personalet lettare oppdaga endringar tidlegare, og raskare setja i gang tiltak ved behov.

### **Tiltaksplan på gruppe/avdelingsnivå** (vedlegg4) **når eit barn opplever å ikkje ha eit godt psykososialt barnehagemiljø**

Vert brukt på avdelingsmøte etter første møte med føresette.

### **Melding om tilsett som krenker eit barn** (vedlegg5)

Dersom ein som arbeidar i barnehagen får kjennskap eller mistanke om at ein anna tilsett krenker eit barn (døme. ved utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering), **pliktar** ein å melda frå om dette til styrar.

## Refereranseliste

Barnehagelova

Cosmovici Idsøe, E & Roland, P, (2017). *Mobbetferd i barnehagen – temaforståelse – forebygging - tiltak*. Cappellen Damm akademisk.

FN:s barnekonvensjon om barnrettar, (1999). (LOV-1999-05-21-30) Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/bkn#bkn>

Giæver, K (2014). *Inkluderende språkfelleskap i barnehagen*. Fagbokforlaget.

Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver (2017). Kunnskapsdepartementet.

Lund, I & Helgeland, A (2016). *Mobbing i barnehagen*. Pedlex.


Språkplan for Stord kommune 2021-2024

Strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO i Stord

UDIR

Verktøy vi nyttar: **BTI-stafettlogg**

## Vedlegg 1

 <b>Prosedyrar når eit barn opplever å ikkje ha eit trygt og godt barnehagemiljø, døme: ved mobbing/gjentakande krenkingar i barnehagen. jf. §42 i barnehagelova.</b>		
Når det gjeld:	Tiltak	Ansvar
<b>1. Barn som opplever å ikkje ha eit trygt og godt barnehagemiljø</b>  <b>OG</b> <b>2. Dersom eit barn har utvikla mobbeåtferd, må også dette barnet følgjast opp</b>	Oppretta stafettlogg → <a href="#">Nivå0 i BTI-rettleiaren</a>  På møte må ein finne ut av: 1. Kva problem skal tiltaka løysa 2. Planlagde tiltak 3. Når skal tiltaka gjennomførast 4. Kven skal gjennomføra tiltaka 5. Når skal tiltaka evaluerast	Pedagogisk leiar, med støtte av styrar.
<b>3. Heila barnegruppa (miljøet rundt barnet)</b>	1. Nytt «Tiltaksplan på gruppe/avdelingsnivå» (vedlegg 4) på avdelingsmøte	Pedagogisk leiar, med støtte av styrar.
<p>Ein må i kvart enkelt sak vurdere nivå i BTI-rettleiaren, og vurdere behov om rettleiing frå eksterne samarbeidspartar, til dømes PPT og helsestasjon.</p> <p>Når det gjeld pkt.3, Tiltaksplan på gruppe/avdelingsnivå, skal den utførast <b>etter</b> at barnehagen har hatt sitt første møte med føresette.</p>		

## Vedlegg 2



### Prosedyre ved barnesamtale

Individuelt eller i gruppe, alt etter kva som er best.  
Skriftleg dokumentasjon påkravd, nytta BTI-stafettlogg.

### Tips til samtale med barn

**Snakk med barnet/barna om det som har skjedd.**

**La barnet/barna få koma med framlegg til kva dei kan gjera vidare.**

**Lag ein "tiltaksplan" saman med barnet/barna og personalet sine framlegg til løysing.**

**Evaluer saman med barnet/barna korleis det går etter 1 – 2 veker.**

**Ny samtale med barnet/barna ved behov.**

### Vedlegg 3

 <b>Sjekkliste - barnehagen sitt miljø:</b> Spørsmål til refleksjon rundt personalet sin relasjon til barna i barnehagen og til barnehagemiljøet	JA - alltid	JA - ofte	Nei - sjeldan	Nei-aldri
Er vi i vår barnehage anerkjennande og støttande i høve til barna sine initiativ?				
Vert alle barn lagt merke til i like stor grad, uavhengig av om dei er introverte eller ekstroverte?				
Får enkelte barn jamleg meir positiv merksemd av oss enn andre?				
Får nokre barn oftare negativ merksemd av oss enn andre?				
Kan ein sjå eit «mønster» i at vi har lettare for å tru på nokre barn si forklaring av konflikhtar enn andre?				
Er det barn vi oftare tek kontakt med, eller set i gang aktivitetar saman med enn andre?				
Vert alle barna involvert i fellesskapet, t.d. i samtalen ved måltid, i samlingar og gruppeaktivitetar?				
Er det barn i gruppa vi tek lite kontakt med, og sjeldan tek initiativ til aktivitetar saman med?				
Vert enkelte barn raskare avbrotne eller avvist av oss enn andre når dei tek kontakt med oss?				
Har vi større tolmod med enkelte barn i gruppa, når det gjeld å følgja dei opp og hjelpa dei?				
Er alle medvetne om at barn ikkje greier å skilja spøk og ironi?				
Er miljøet i barnehagen prega av omsorg, anerkjening, varme og respekt?				
Er samspelet mellom barna prega av likeverd og veksling mellom kven som bestemmer og kven som får vera med?				
Er det ein trygg og god stemning i barnehagen som er prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				

## Vedlegg 4

### Tiltaksplan på gruppe/avdelingsnivå når eit barn opplever å ikkje ha eit trygt og godt barnehagemiljø jf. §42 i barnehagelova





**Barnehage:**

**Avdeling:**

**Dato:**

Definera	refleksjon	notat
<b>Kva er bra?</b>	<i>kvifor er det bra, kva gjer vi for at det blir bra, korleis?</i>	
<b>Kva må vi endra i praksis, kvifor?</b>	<i>Til dømes grupper, storleik på grupper, tettare oppfølging av enkeltbarn, innhald i det pedagogiske opplegget, kor dei vaksne er i rommet og i uteleiken.</i>	
<b>Korleis skal vi endra praksis?</b>	<i>Konkrete tiltak/justeringar etter fagleg vurdering, kven gjer kva og til kva tid.</i>	
<b>Evaluering</b>	<i>når skal det evaluerast, kven skal vera med på evalueringa, skal barna det omhandlar seia noko i forkant av evalueringa?</i>	
<b>Justering av tiltak</b>	<i>Dersom ønska effekt av tiltaka er oppnådd kan saka lukkast. Dersom ikkje, må tiltaka justerast, og tidspunkt for ny evaluering må planleggjast</i>	

## Vedlegg 5

 <p>STORD KOMMUNE</p> 	<p><b>Melding om tilsett som krenker eit barn</b>  <b>jf. §43.</b> skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn. Ved mistanke eller kjennskap til at ein tilsett krenker eit barn, <u>pliktar alle som arbeidar i barnehagen å melda.</u> Vedkomande skal straks melda ifrå til styrar, som melder vidare til barnehageeigar.</p>
<p><b>Dato:</b> <b>Tilstade:</b></p>	
<p><b>Vedkomande skal straks melda frå til styrar om hendinga.</b></p>	<p><i>Beskriv hendinga/mistanken  Inviter, om mogleg, med den som krenker og verneombod i samtalen.</i></p>
<p><b>Styrar melder til barnehageeigar.</b></p>	<p><i>Styrar skal snarast undersøka saka.  Styrar skal syta for at barnet ikkje opplever gjentakande krenkingar.  Styrar følger opp og rettleier den tilsette.  Dette skal dokumenterast skriftleg.</i></p>
<p><b>Barnehageeigar.</b></p>	<p>Barnehageeigar følger opp enkeltsakar med styrar, ved behov, også den tilsette.  Om ikkje den tilsette vider evne til å arbeida i tråd med lovkrav føl ein opp med rutinar (,sjå personalpolitisk plan i Compilo).</p>